

Finnmark vannregion og Norsk-Finsk vannregion
postmottak@ffk.no

Troms vannregion
postmottak@tromsfylke.no

Nordland og Jan Mayen vannregion
post@nfk.no

Møre og Romsdal vassregion
postmottak@mrfylke.no

Sogn og Fjordane vassregion
postmottak.sentraladm@sfj.no

Oslo 20.12.2014

Uttale til høyring av «Regionale vannforvaltningsplaner og tiltaksprogram», avgrensa til spørsmålet om sjødeponi av gruveavfall

Vi viser til «regionale vannforvaltningsplaner og tiltaksprogram» som er lagt ut for vannregionane Finnmark, Troms, Nordland, Møre og Romsdal og Sogn og Fjordane, og sender med dette høyringsuttale som omhandlar spørsmålet om sjødeponi av gruveavfall. Vi vil presisere at denne høyringsuttalen kjem i tillegg til nasjonale, regionale og andre høyringsuttaler der Naturvernforbundet uttaler seg aleine eller i samarbeid med andre på eit breiare grunnlag.

Det er i dag 6 aktive sjødeponi av gruveavfall omkring i landet:

Fylke	Fjord	Selskap	Utsleppsløye i tonn/år	Kommentar
Finnmark	Bøkfjorden	Sydvaranger	4 mill tonn	Prosesskjemikaliar
	Stjernesundet/ Lillebukta	Sibelco Nordic	200.000 tonn	
Troms	Bergsfjorden	Skaland Graphites	40.000 tonn	Tungmetall og prosesskjemikaliar
Nordland	Ranfjorden	Rana Gruber	2 mill tonn	Prosesskjemikalar
	Tysfjord	The Quartz Corp (tidl Norwegian Crystallites)	ca 40.000 tonn	Prosesskjemikaliar
Møre og Romsdal	Elnesvågen	Hustadmarmor	300.000 - 400.000 tonn	Prosesskjemikaliar

Det er i tillegg søkt om to nye sjødeponi:

Fylke	Fjord	Selskap	Omsøkt utslepp i tonn/år	Kommentar
Finnmark	Repparfjord	Nussir	2 mill tonn	Tungmetall og Prosesskjemikalier
Sogn og Fjordane	Førdefjorden	Nordic mining	6 mill tonn	Tungmetall og prosesskjemikalier

Vassforskrifta slår fast at forvaltingsplanen skal syte for at det blir oppnådd «god økologisk tilstand» og «god kjemisk tilstand» i alle vassforekomstar. I tillegg skal ein ta spesielt omsyn til å redusere utsleppet av Nikkel, som står på forskriftas liste over prioriterte forureiningar. Vassforskrifta er den norske implementeringa av EUs vassrammedirektiv, slik at lovgrunnlaget er internasjonalt forankra, og internasjonalt forpliktande.

Vi vil i denne samanheng slutte oss til vurderingane til Fylkesmannen i Finnmark om korleis den internasjonale forankringa er styrande for norske vedtak når det gjeld § 12, og sjølvsagt også for alle andre sider av vassforskrifta:

«Vannforskriften representerer gjennomføringen av EUs vannrammedirektiv i norsk rett. Kravene i direktivets artikkel 4.7 gjennomføres i Norge ved vannforskriftens § 12. Et vedtak etter forurensningsloven, som er klart i strid med vannforskriftens § 12, innebærer etter vår oppfatning et brudd på Norges forpliktelser etter EØS-avtalen.»¹

Våre innspel og krav

- Tiltak for å oppfylle forskriftas krav om å oppnå minst «god økologisk tilstand» og «god kjemisk tilstand» i vassforekomstar med sjødeponi i løpet av forvaltingsperioden: Alle sjødeponi av gruveavfall skal bli avslutta snarast mogleg i forvaltingsperioden som startar i 2015.
- Ingen sjødeponi skal vera kandidatar til å bli klassifiserte som «Sterkt modifisert vassforekomst» (SMVF).
- Tiltak for å oppfylle forskriftas krav om at tilstanden i vassforekomstane i forvaltingsperioden ikkje skal bli dårlegare enn «god økologisk tilstand» og «god kjemisk tilstand»: Dei omsøkte sjødeponia i Repparfjord (Finnmark) og Førdefjorden (Sogn og Fjordane) må bli avviste.

Vi viser til vedlegg for nærare argumentasjon av at det er i strid med vassforskrifta/ vassrammedirektivet dersom det ikkje blir planlagd stans i pågåande sjødeponi av gruveavfall og at det vil vera i strid med forskrift og direktiv å gje løyve til nye sjødeponi.

Dersom dei endelege forvaltingsplanane ikkje inneheld tiltak for å avslutte sjødeponia i forvaltingsperioden 2015 – 2021, eller det blir gjeve løyve til nye sjødeponi, vil Naturvernforbundet klage Noreg inn for ESA for brot på EUs vassrammedirektiv.

¹ Fylkesmannen i Finnmark 15.05.2012 til søknaden om utslepp til Repparfjorden frå Nussir AS.

Regionvis gjennomgang

Finnmark vannregion

Frå forvaltingsplanen:

Namn	Status	SMVF	Kommentar	Påvirkningstype
Bøkfjorden	Svært dårlig tilstand	Nei	”Ingen av tiltakene vil endre tilstandsklassifisering som skyldes selve sjødeponiet som begraver bunndyr og gir dårlig økologisk tilstand.”	Forurensning; utslipp fra punktkilde; utslipp fra industri IPPC
Stjernesundet/ Lillebukta	Moderat tilstand	Nei	”Lokaliteten kartlagt i 1990, NGU-rapport nr. 90-131. Definert som industrifylling, i drift fra 1961 og minst frem til tidlig 80-tall. Avgangsmasser uten kjemikalier.”	Avrenning fra gruver + søppelfylling

Både Bøkfjorden og Stjernesundet/Lillebukta har status dårlegare enn «god tilstand». Likevel blir det ikkje foreslått tiltak som kan bringe tilstanden opp til god. For Bøkfjorden kjem det klart fram at det er sjødeponiet som forårsaker den svært dårlege tilstanden, og det einaste tiltaket som kan forbetre tilstanden vil vere å stoppe utsleppa. Forvaltingsplanen er uklar når det gjeld status for sjødeponiet frå Sibelco Nordic. Det er grunn til å presisere at det kvart år blir sluppe 200.000 tonn avgangsmasse pr år i Lillebukta/ Stjernøysundet. Vi er samde i vurderingane av at sjødeponia ikkje er kandidatar for SMVF.

I tillegg til eksisterande sjødeponi er det søkt om utslepp av 2 mill tonn tungmetallhaldig gruveavfall frå Nussir ASA i Repparfjord, noko som vil forringe tilstanden i fjorden. Både å fortsette dei eksisterande utslippa og å gje løyve til nytt utslepp vil vera i strid med vassforskrifta og EUs vassrammedirektiv.

Våre innspel og krav

- Utsleppa til Bøkfjorden og Stjernesundet/Lillebukta må avsluttast i forvaltingsperioden 2015-2021 for å kunne oppnå minst god tilstand i dei to vassforekomstane.
- Det må ikkje gjevast løyve til nytt sjødeponi i Repparfjorden.
- Ingen av utsleppa må bli kandidat for SMVF.

Troms vannregion

Vi kan ikkje sjå at sjødeponiet i Bergsfjorden frå Skaland Graphite på Senja er vurdert i utkastet til forvaltingsplan. Det einaste vi finn om grafittverket i planutkastet er:

«Vannområdet Senja buser et smelteverk i Finnfjordbotn i Lenvik kommune og et grafittverk på Skaland i Berg kommune. Begge virksomhetene har de siste årene gjort mye for å redusere utslipp og skape en mer miljøvennlig drift. Begge virksomhetene har imidlertid utslippstillatelser som følges opp av Fylkesmannen i Troms jevnlig.»

Undersøkingar frå 1994 (Fylkesmannen har klaga på at det ikkje er gjort nye undersøkingar) viser at ein kan spore nikkel og kopar inntil 7 km frå utsleppstaden, og nikkel er eit spesielt prioritert stoff i vassforskrifta.

Vi har følgjande vurdering av vannforvaltingsplanen når det gjeld dette utsleppet:

- Manglande vurdering av miljøtilstanden, både kjemisk og økologisk, for området rundt utsleppet.
- Manglande vurdering av utfasing av utsleppet av nikkel, som er spesielt prioritert.
- Manglande tiltak for å bringe tilstanden til minst "god".

Våre innspel og krav

Forvaltingsplanen må innehalda krav om stans i sjødeponiet frå Skaland Graphite tidlegast mogleg i forvaltingsperioden 2015 – 2021.

Nordland og Jan Mayen vannregion

Frå forvaltingsplan/ tiltaksplan:

Namn	Status	SMVF	Våre kommentarar
Ranfjorden	Stor påvirkning	Nei	Tiltaksplanen er tom?
Tysfjord			Det ser ikkje ut til at påverknaden frå The Quartz Corp (tidl Norwegian Crystallites) er vurdert.

Rana Gruber har eit utslepp i Ranfjorden på ca 2 mill tonn kjemikalieblanda gruveavfall per år, og har søkt om kraftig auke i utsleppet. Å avslutte dette utsleppet er eitt av fleire naudsynte tiltak for å bringe tilstanden i Ranfjorden opp på «god økologisk» og «god kjemisk tilstand».

Vi er samde i at sjødeponiet ikkje er vurdert som kandidat til SMVF, og at det ikkje er lagt opp til unntak frå miljømål.

Det ser ikkje ut til at utsleppet frå The Quartz Corp med sterkt kjemikalieblanda gruveavfall på 30 meters djup i Tysfjord er vurdert i forvaltingsplanen. Fylkesmannen kravde i 2011 utgreiing av landdeponi til erstatning for sjødeponiet.

Våre innspel og krav

- Utsleppet av gruveavfall til Ranfjorden frå Rana Gruber må avsluttast i løpet av forvaltingsperioden 2015 – 2021.
- Utsleppet av gruveavfall til Tysfjord frå The Quartz Corp må avsluttast i løpet av forvaltingsperioden 2015 – 2021.
- Ingen av utsleppa kan vera kandidat for SMVF.

Møre og Romsdal vassregion

Frå forslaget til forvaltingsplan/ tiltaksplan:

Namn	Status	Kommentar	Påvirkningstype
Elnesvågen	Dårlig tilstand	”Ingen innspill til tiltak”	industri, tettsteder, dumping

Hustadmarmor har eit utslepp på ca 300.000 - 400.000 tonn kjemikalieblanda gruveavfall i Elnesvågen pr år. Det er nødvendig å avslutte dette utsleppet for at Elnesvågen skal oppnå «god» tilstand, men det er ikkje foreslått nokon tiltak.

Vi er samde i at det ikkje er foreslått at deponiet skal vera kandidat til SMVF.

Våre innspel og krav

- Utsleppet av gruveavfall til Elnesvågen frå Hustadmarmor må avsluttast i løpet av forvaltingsperioden 2015 – 2021.
- Utsleppa kan ikkje vera kandidat for SMVF.

Sogn og Fjordane vassregion

Nordic Mining AS har søkt om å få sleppe ut 6 mill tonn kjemikalieblanda gruveavfall i Førdefjorden pr år. Massen vil få så høgt innhald av kopar (55,4 mikrogram Cu/ g) at den vil bli karakterisert med tilstand «dårlig» i Miljødirektoratets veileder². Innhaldet av nikkel er så høgt at det kan bringe utsleppet i strid med vassforskriftas krav om utfasing av nikkelutslepp. Å gje løyve til utsleppet vil vera i strid med vassforskrift og direktiv. Forvaltingsplanen må ta opp dette som eit trugsmål mot å oppretthalda minst «god tilstand».

Våre innspel og krav

- For å oppretthalde «god tilstand» i fjorden må det ikkje gjevast løyve til nytt sjødeponi i Førdefjorden.

Sjødeponi av gruveavfall gir dårleg økologisk tilstand

Vi viser til kommentar i tiltaksprogrammet for Bøkfjorden i Finnmark, som vi meiner er presis når det gjeld den generelle verknaden av eit sjødeponi på livet i botn av fjorden:

«Ingen av tiltakene vil endre tilstandsklassifiseringen som skyldes selve sjødeponiet som begraver bunndyr og gir dårlig økologisk tilstand».

Dette utsegnet frå Finnmark er overinstemmande med den internasjonale utgreiinga som er laga av IMO (International Maritime Organisation) på oppdrag frå Londonkonvensjonen/Protokollen mot forureining av havet og av UNEP, FNs miljøorganisasjon i 2012. Den oppsummerer verknaden av pågåande sjødeponi av gruveavfall slik:

«Marine disposal smothers everything in its footprint, with associated loss of habitat and benthic life in that footprint. This reduces the species composition/abundance and biodiversity. In addition, risks to humans can be increased from bioaccumulation of metals through food webs and ultimately to fish-consuming communities.»³

Dette vil i prinsippet seia at den økologiske tilstanden aldri blir god så lenge sjødeponiet er aktivt, ettersom tilstanden skal bli målt i høve til den parameteren som har dårlegast tilstand, i dette tilfelle livet på botn. I tillegg har erfaringa frå Bøkfjorden i Finnmark vist at slam og giftige prosesskjemikaliar spreier seg langt ut over sjølve deponiområdet.

² »Veileder for klassifisering av miljøkvalitet i fjorder og kystfarvann», 2229, 2007, Miljødirektoratet

³ «International Assessment of Marine and Riverine Disposal of Mine Tailings», november 30, 2012, Craig Vogt Inc, International Maritime organisation.

Når det gjeld kva som skjer etter at sjødeponiet er avslutta, oppsummerer IMO-rapporten det slik:

«After mining ceases, recolonization of mine tailings deposits on the ocean floor is known to happen in relatively short times, such as one to ten years, depending upon local conditions. However, studies are showing that recolonization is not the same as recovery, because the benthic species that re-colonize mine tailings are different than the original species, which can shift marine species community structures. The question is one of time, as sedimentation rates vary among discharge locations, such that it may take tens to hundreds of years before an appreciable layer of natural sediment covers the mine tailings, which would then lead to actual recovery of the ecosystem.»

Erfaring frå Repparfjord, med det snart 30 år gamle avslutta sjødeponiet etter Folldal verks kopargruve med utslepp av koparhaldig gruveslam, stør opp under at naturen kan bruke lang tid på å hente seg inn at, og at nokre endringar i det biologiske livet blir varige. Miljødirektoratet skriv følgjande:

«Det er ingen studier på fisk som kan dokumentere hva som har skjedd etter at tilsvarende deponier er avsluttet. Dette er en stor mangel. Men fiskere har hevdet at fisken forsvinner fra områdene under deponering, og at gyteområder legges brakke. I Repparfjorden er det nylig i et notat fra Akvaplan-NIVA datert 25.08.14 bekreftet at fiskernes påstander om at torsken flyttet gyteområdet lengre ut i fjorden da det tidligere deponiet i Repparfjorden var i bruk er riktige. Snart 30 år etter endt deponering har ikke torsken vendt tilbake til det gamle gyteområdet innerst i Repparfjorden som er kjent fra gamle lokale fiskere. Valg av nye gyteområder kan være negativt for den langsiktige rekrutteringen i en lokal bestand, og det ble også funnet langt færre egg i Repparfjorden nå enn i Revsbotn, en nærliggende referansefjord som er upåvirket av tidligere utslipp.»⁴

Sjødeponi har ikkje unntak frå god økologisk tilstand

Sjødeponi av gruveavfall kan ikkje bli karakterisert som SMVF, og kan difor ikkje få unntak frå kravet om god økologisk tilstand. Vi viser i denne samanhengen til rettleiingsdokumenta til EUs vassrammedirektiv, der status som SMVF er knytt til samfunnsmessig viktige inngrep som kraftverk, bruer, hamner, farleder etc. Det er i tillegg snakk om avslutta inngrep for å etablere slike konstruksjonar, ikkje varig pågåande inngrep gjennom utslepp av industriavfall, der formålet er å bli kvitt avfallet. Vi vil i denne samanhengen vise til nærare dokumentasjon og argumentasjon i vedlagde notat om sjødeponi og vassrammedirektivet.⁵

Konklusjon

Det må bli lagt inn som tiltak i forvaltingsplanane at alle pågåande utslepp av gruveavfall til sjø må bli avslutta tidlegast mogleg i forvaltingsperioden 2015 – 2021 for å kunne oppnå krava i forskrift og direktiv om minst «god økologisk tilstand» og «god kjemisk tilstand».

Det må bli lagt inn i forvaltingsplanane at Repparfjord og Førdefjorden vil få dårlegare økologisk og kjemisk tilstand dersom det blir gjeve løyve til sjødeponi, slik at slike løyve vil vera i strid med forskrift og direktiv.

⁴ “Reguleringsplan for Engebøfjellet - svar på oppfølgende spørsmål”. Miljødirektoratet til KLD 19.11.2014

⁵ Dumping av gruveavfall i fjordane er i strid med EUs vassrammedirektiv, 17.12.2014 Mads Løkeland

Med vennleg helsing



Lars Haltbrekken

Leiar, Naturvernforbundet



Mads Løkeland

Naturvernforbundets gruveutval

Vedlegg:

Dumping av gruveavfall i fjordane er i strid med EUs vassrammedirektiv, Mads Løkeland,
Naturvernforbundet 2014